



Johan Andersen  
Flatøyvegen 78  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1915 - 16/14610

Saksbehandlar:  
Berit M.Eskeland  
Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:  
14.07.2016

## GBNR 1/208 - Melding om mangel ved septiktank

Meland kommune er forureiningsmynde etter Forurensingslova (forurl.) og har plikt til å følge opp meldingar om mogeleg/fare for forureining.

Når det er fare for forureining i strid med Forurensingslova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørga for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jf. forurl. § 7.

Meland kommune har 06.07.2015 motteke melding frå Johny Birkeland Transport AS om at septiktank tilhøyrande eigedommen manglar dykk i utløp. Dykk på utløp er lovpålagd. Dette for å hindre at slam går til filtergrøft og grunnen.

**Dykk må monterast på utløpet. Frist for arbeidet vert sett til seinast ved neste tømning av septiktanken.**

For å få utbeta septiktanken må du kontakte eit godkjent rørleggarforetak eller foretak som har ansvar for tømning av tanken din.

Dersom septiktanken allereie er utbeta ber vi om tilbakemelding på dette i vedlagt skjema.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbeta septiktanken ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurdera å gje pålegg om utbetring, jf. forurl. § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jf. forurl. § 73.

### **Tilbakemelding**

Når septiktanken er utbetra må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Skjema sender du til

- postmottak@meland.kommune.no eller
- Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

Spørsmål i saka kan rettast til saksbehandlar på telefon 56 17 10 00 eller på e-post.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

GBNR 1-208 Skjema for tilbakemelding

### **Mottakere:**

Johan Andersen

Flatøyvegen 78 5918

FREKHAUG



## TILBAKEMELDING OM UTFØRT ARBEID

### Tiltak: Utbetring av septiktank

ArkivsakID: 16/1915

Gbnr: 1/208

Adresse: Flatøyvegen 78

Eigar/styrar/festar: Johan Andersen

Skjemaet skal sendast straks etter at septiktanken er utbetra til:

[postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no) eller til

Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG.

### Skal fyllast ut av eigaren av septiktanken:

<b>Kort utgreiing om arbeidet:</b>	
<b>Arbeidet er utført av:</b>	
<b>Stad og dato:</b>	<b>Underskrift:</b>

